



## MØTEBOK

### **Regional kystsoneneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - avgrensa høyring**

Utval sak	Utval	Møtedato
27/17	Formannskapet	19.04.2017
20/17	Kommunestyret	26.04.2017

#### **Vedlegg:**

1. Høyringsforslag, dagsett 14. febr 2017.
2. «Plan»kart.
3. Retningslinene frå 2015.
4. Kapittel 8 i Plan- og bygningslova.
5. Utsegn frå ordførar Kåre M Kleppe i Tysnes.

#### **Utrykte dokument:**

Sak PS 45/2015 i kommunestyret.  
Sak PS 19/17 i formannskapet.

#### **Bakgrunn:**

Regional kystsoneneplane (kystsoneneplanen) er ein regional plan for sjøareal og strandsone i kommunane i Sunnhordland, Fusa, Kvam, Jondal og sjøområda i Vindafjord i Rogaland.

Kystsoneneplanen omhandlar disponering av sjøarealet, og planen inneheld fire plantema:

- Berekraftig kystsoneneplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsona

For kvart tema er det laga retningslinjer for kunnskapsgrunnlag og analyse, medverknad og arealplanlegging. Retningslinjene er eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen.

Plankartet viser forslag til framtidig arealutvikling i planområdet og synleggjer retningslinjene.

#### Prosess:

Kystsoneneplanen er no kome på ei ny, avgrensa høyring, til kommunane.

Etter initiativ frå Samarbeidsrådet er høyringsfristen forlenga til 12. mai 2017. Dette gjer at ein vil fremja saka i møte formannskapet 19. april, og i kommunestyret 26. april. Det er og tid til ei kort drøfting i møtet i Plan og miljø 4. april.

Utval for plan og miljø fekk ei førebels sak til drøfting i møtet 7. mars. Utvalet gjorde fylgjande vedtak:

*Utval for plan og miljø ser med sterkt uro på område landskap og stiller seg svært kritisk til planen. Utvalet ønskjer å utsetja planen i påvente av den interkommunale strandsoneneplanen slik at desse blir samkjørte.*

Formannskapet utsette saka i møtet 22. mars utan å gje føringar, sidan det då var kjent at fristen var utsett, og bad om ny sak 19 april.

Samarbeidsrådet var i møte med Fylkeskommunen og fylkesmannen 24. mars. Det var då drøfta nokre moglege nye tolkingar og justeringar.

Kommunane Austevoll og Tysnes uttaler seg framleis særskilt kritisk til planen, og dei verknadene dei meiner det påfører kommunane, sjå vedlegg 5.

I møtet i Plan og miljø 4. april vart det orientert om saka, og svara på spørsmål.

Utval for Plan og miljø kjem med slik uttale til formannskapet:

*Utval for plan og miljø ynskjer å gå imot forslaget til arealsonar og overordna arealkart.*

*Utvalet ber om at interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen og ikkje omvendt.*

## **Vurdering:**

### **Generelt:**

Ved første gongs høyring av planen i 2015 var kommunane stort sett ikkje merksame på kor store konsekvensar planen kan ha for sjøareala, og kva bindingar eit arealkart vil kunna ha for framtidig planlegging i kommunane. Difor vart ikkje uttalane frå dei fleste kommunane sterke nok.

Det er særleg tema akvakultur, vurdert opp mot tema bærekraftig utvikling, som gir utfordringar i planen.

I vurderinga av planen denne gongen er kommunane på ei heilt annan måte enn sist blitt merksame på desse utfordringane. Det må difor gjerast meir presise formuleringar og moglegvis endringar i somme av punkta i planen, både kva gjeld dei generelle verknadene av planen, og nokre særreglar i kapitla om akvakultur og strandsoneplanlegging.

Ei anna viktig utfordring i planen er kva prioritet reglane i Interkommunal strandsoneplan (Strandsoneplanen) skal ha i høve regional kystsoneplan. Det har tidlegare vore føresett at Strandsoneplanen sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen. Dette er i følgje kystsoneplanen no ikkje like sjølvsagt.

I høve til sist høyring er det gjort fleire endringar i strukturen av planen og einskilde retningslinjer. Det er eit nytt kapittel (§1) som viser verknader av planen. Dette kapitlet har strenge føringar:

Berekraftig utvikling, som sist hadde eigne retningslinjer, er inkludert i § 2 i dei nye retningslinjene, saman med mange andre forhold, også på spesifikke område.

I dei øvrige kapitla er det fleire endringar i einskildpunkt.

Retningslinjene frå 2015 er summarisk vist i vedlegg 2.

Dei nye retningslinjene ligg på sidene 45-48 i plandokumentet.

### **Juridisk status for plankart.**

Planen er heimla etter Kap. 8 i PBL, og legg opp til at han ikkje er juridisk bindande.

Likevel er det sterke føringar i planen. I følgje § 8.5. første ledd kan ein med heimel i planen vedta forbod i 10 år for tiltak som ikkje er i samsvar med planen. Og planen seier sjølv at den kan nyttast som grunnlag for motsegn.

Det er særleg arealplankartet, og kor sterkt bindande dette er, som er stridstema. Til dømes har ikkje strandsoneplanen generelle kart, men føreset at kommunane sjølve skal utarbeida delplankart, på basis av prinsippa i den interkommunale planen.

Mange stiller spørsmål om fylkeskommunen har heimel til å vedta slike overordna arealkart, og i kva grad dei er juridisk bindande.

I møtet 24. mars viste fylkeskommunen til at ein skulle prøva å finna eit namn på kartet som gjorde at det ikkje skal oppfattast som juridisk bindande. Denne teksten er ikkje kome.

Fitjar kommune er ein av dei kommunane som kartet vil ha størst verknad for. Me bør dermed klart sei at me føreset at kartet ikkje skal vera juridisk bindande.

### **Arealsoner landskap( tidlegare omsynssone landskap, natur friluftsliv, og kultur).**

Namnet på denne arealsona er endra for at det skal verta juridisk grunnlag for nemninga. Store deler av Fitjarøyane har ein slik definisjon. Dette kjem oppå Riksantikvaren sitt vedtak i haust om at om lag det same området skal få status omsynssone særleg verdifullt kulturlandskap. Sjølv om dette ikkje er ei freding er det naturleg å forventa at det kan, og vil bli, brukt som grunnlag for motsegn for tiltak i strid med planen.

Slik ein oppfattar både fylkeskommunen og særleg fylkesmannen vil dei stå sterkt på at heile området skal vera med i planen. Dvs det har truleg lite for seg å prøva å redusera området.

Då blir det særleg viktig å få inn i planen formuleringar som gjera at eksisterande næringar kan utvikla seg, både på eksisterande lokalitet, og flytta lokalitet, dersom det er betre.

Fitjar sin primære uttale bør vera at me tek atterhald om at arealsoner landskap ikkje skal vera til hinder for at Fitjar kan vidareutvikla eksisterande anlegg innanfor omsynssonen.

### **Arealføremål til akvakultur:**

I hovudsak er dei arealføremåla som kommunane har i KP vidareført i denne planen. Ei særst viktig føring i planen er at område for akvakultur bør vera einbruksområde, jf § 3.3.2. Det vil tilsei at alle nye akvakulturområde blir små.

Ein ser då at det blir stor skilnad mellom kommunar(dei fleste) som i KP har markert små (berre plass til eit anlegg) område for akvakultur som einbruksområde. Nye areal for akvakultur er dermed sterkt avgrensa. Andre kommunar har markert store område for fleirbruk der akvakultur er tillate, og har dermed mykje areal som alternativt kan nyttast.

Dei kommunane som berre har einbruksområde blir særst sårbare dersom nokre av einbruksområda kjem inn under andre reguleringar (t.d. arealsoner), som avgrensar aktivitet. T.d. er store deler av Fitjarøyane ein slik arealsoner(Regionalt viktig område for friluftsliv mm), trass i at det er 6 lokalitetar for akvakultur i kommuneplanen, og 3 aktive oppdrettsanlegg i området. Fitjar har berre eit fåtal lokalitetar andre stader i KP. Me kan dermed ikkje erstatta tapte areal i Fitjarøyane med andre areal. Både kommuneplanen og eventuelle arealsonar vil dermed verka avgrensande, og hindrar utvikling i Fitjar. (Etter ordlyden i § 2.1.6 kan ein i KP erstatta med andre areal til nye artar eller tekniske nyvinningar, men ikkje eksisterande artar og teknologi, og det gjeld heller ikkje i arealsona i Fitjarøyane).

Fitjar kommune må difor minimum krevja at me kan utvida eksisterande sonar for akvakultur utanfor omsynssonen i Fitjarøyane, ikkje berre til nye teknologiar og artar, men og til eksisterande teknologi og artar, når det ikkje finst anna tilgjengeleg areal i kommune, og den nye aktiviteten i sum vil ha positiv samfunnsverknad.

Eit viktig spørsmål i vurderinga er om Fitjar kommune skal gå imot heile forslaget til arealsonar og overordna arealkart, på grunn av manglande heimel for dette i regelverket, eller av reine kommunale arealpolitiske årsaker, slik det ser ut til at Austevoll og Tysnes vil gjera.

Dette er sett som alternativt punkt i forslaget til vedtak.

### **Sjøtransport og maritim næring:**

Dette temaet har ikkje reist særlege utfordringar, og blir ikkje kommentert vidare.

### **Retningslinene:**

Viktige punkt som me ikkje har merknader til:

Det er mange viktige punkt i framlegget som me ikkje bør ha merknader til, då dei er i samsvar med vår forståing og ynskje. Dette gjeld mellom anna punkta:

2.29 Utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert. Større samanhengande, inngrepsfrie område bør haldast fri for nye tiltak. Viktig, me bør ikkje ha merknad.

2.30 Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging tillatast. Nye tiltak bør trekkjast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. Utviding av eksisterande bygningar bør om mogleg skje i retning vekk frå sjøen. Dette punktet er viktig, me bør ikkje ha merknad.

2.32 Særs viktig formulering i 2.punktum. Her heimlar ein KAN-område mm. Denne formuleringa utvidast til 2.38 og 2.40. Me har merkt oss fylkeskommunen sin uttale om at det er dette som er meint. Men det er viktig å få presisert at kravet til regulering ikkje skal gjelda for mindre småbåtanlegg (2.38) eller naust(2.40), dersom det ikkje skal regulerast av andre årsaker, jf merknad nedanfor.

2.42. Siste ledd er nytt, og positivt.

Me ser at det vil vera nødvendig å ha merknad til fylgjande paragrafar i retningslinene:

Det stader det er forslag til endringar er endringane markerte med raud tekst.

### § 1 Verknad av planen:

1.1. 2 punktum: Etter § 8-2 skal planen leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen.

Her bør det stå: Etter § 8-2 bør planen... (Understreka av sakshandsamar).

1.3 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger inneheld retningsliner som ivaretek måla i planen. **Dei regionale retningslinene vil kunne vere utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde.** Siste setning strykast.

1.4 Prioritering i regionalt plankart. Det vert opplyst at dette ikkje skal vera juridisk bindande. Her stiller me spørsmål om det då kan nyttast som grunnlag for motsegn.

### §2. Generelle retningsliner

## Akvakultur

2.16 Område avsett til akvakultur i regionalplanen er retningsgivande og skal vurderast og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur **for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar.**

**I siste del av setninga må leggjast til: og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemder i kommunen(positiv samfunnsverknad).**

2.22 Formuleringa kan mistydast, men forståinga bør vera klar. Det er tale om anten 100-meter sona, eller funksjonell strandsone (det som er minst) dersom denne er breiare eller smalare enn 100 meter.

2.27 Formuleringa kan mistydast, men intensjonen bør vera klar, den same forståinga som i 2.22.

§ 2.38 Småbåtanlegg bør vurderast ved nye bustad- og fritidsbustadeigedomar ved sjø. Småbåtanlegg er mindre anlegg knytt til nærare fastsette eigedomar, og skal regulerast saman med dei aktuelle eigedomane.

**Tillegg: Det kan gjerast unntak frå plankravet for mindre småbåtanlegg som er avsett i KP, dersom det ikkje er strid med retningslinene og verdiane i funksjonell strandsone er ivareteke.**

§ 2.40 Nye naust skal som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på fellesløysingar for kai, bryggjer, parkering, boder, toalett/bad, parkeringsplassar og anna. I desse områda skal det vera krav om reguleringsplan.

**Tillegg: Det kan gjerast unntak frå plankravet for konkrete mindre naustområde som er avsett i KP, dersom det ikkje er i strid med retningslinene og verdiane i funksjonell strandsone er ivareteke.**

## § 3. Arealsoner i plankart

### § 3.1 Arealsoner Landskapsområde

3.1.2 Nye tiltak innanfor arealsonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Nye **anlegg** for akvakultur og større, varige tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde innanfor arealsona kan nyttast vidare, **og dersom tilhøva ligg til rette for det, kan det vurderast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.**

### § 3.2 Arealsoner med akvakultur.

3.3.2 Formuleringa kan vera i strid med kommuneplankarta i mange kommunar, og hindra utvikling i andre. Sjå første del under vurdering.

3.3.6 For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge **minimum** 100 meter frå kystlinja. Fortøyingar kan plasserast nærare land, men skal ikkje hindre ferdsel eller fiske.

## Generelt spørsmål:

- 5.5.1. Kva retningslinjer gjeld for «Sjø og vassdrag generelt (Utvida omr. med AK)»? Dette treng ei presisering. Her er forskjell mellom kommunar.

## **Mogleg oppfølging etter møtet i kommunestyret.**

Dette er ei sak som ikkje er drøfta av kommunestyret tidlegare. Det er ei svært viktig sak for Fitjar.

Sidan høyringsfristen er 12. mai, vil det, på bakgrunn av drøftinga vera naturleg at det vert gjort endringar i saksutgreiing, og vedtak, i etterkant av møtet. Myndet til å gjera slike endringar må i tilfelle delegerast. Utval for plan og miljø har møte 9. mai, og kan handsama saka då.

### **Framlegg til tilråding:**

Fitjar kommune gir fylgjande uttale til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune stiller spørsmål om fylkeskommunen har heimel til å vedta slike overordna arealkart, og føreset at kartet ikkje skal vera juridisk bindande. Fitjar kommune krev at eksisterande næringsområde innanfor arealsone landskap kan nyttast vidare, og dersom tilhøva elles ligg til rette for det, kan det gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.

Fitjar kommune krev at kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemder i kommunen(positiv samfunnsverknad).

Alternativt: Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsonar og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2,40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. Ein viser til grunngjeving i drøftinga ovanfor.

### **Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:**

Formannskapet drøfta saka, og ga rådmannen signal om kva uttalen frå Fitjar kommune skal innehalde. Administrasjonen skriv om framlegg til høyringsuttale før utsending av saka til kommunestyret.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune gir fylgjande uttale til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsoner og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Dersom dette likevel blir vedteke:

- Føreset Fitjar kommune at kartet ikkje skal vera juridisk bindande.
- Fitjar kommune vil og krevja at eksisterande næringsområde innanfor arealsone landskap kan nyttast vidare, og dersom tilhøva elles ligg til rette for det, kan det gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.

Fitjar kommune krev at kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemder i kommunen (positiv samfunnsverknad).

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2,40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. Ein viser til grunngjeving i drøftinga ovanfor.

### **Behandling i Kommunestyret - 26.04.2017:**

Kommunestyret drøfta saka.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) kom med framlegg om følgjande tillegg til uttalen (merka med kursiv):

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsoner og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Dersom dette likevel blir vedteke:

- Føreset Fitjar kommune at kartet ikkje skal vera juridisk bindande, *og planen skal ikkje gje grunnlag for motsegn.*
- Fitjar kommune vil og krevja at eksisterande næringsområde innanfor arealsone landskap kan nyttast vidare, og dersom tilhøva elles ligg til rette for det, kan det gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.

Fitjar kommune krev at kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstjenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemdar i kommunen (positiv samfunnsverknad).

*Fortøyningar til akvakulturanlegg må kunna gå utanom avsette område til akvakultur så lenge dei tilfredsstillar nasjonale krav til slike fortøyningar.*

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2,40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. Ein viser til grunngjeving i drøftinga ovanfor.

Ved røysting fekk framlegget med tillegg frå representanten Tislevoll 17 røyster. Framlegget frå formannskapet fekk 0 røyster, og fall. Det ligg etter dette slikt;

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar kommune gir fylgjande uttale til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsoner og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Dersom dette likevel blir vedteke:

- Føreset Fitjar kommune at kartet ikkje skal vera juridisk bindande, og planen skal ikkje gje grunnlag for motsegn.
- Fitjar kommune vil og krevja at eksisterande næringsområde innanfor arealsone landskap kan nyttast vidare, og dersom tilhøva elles ligg til rette for det, kan det gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.

Fitjar kommune krev at kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar

når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemder i kommunen (positiv samfunnsverknad).

Fortøyningar til akvakulturanlegg må kunna gå utanom avsette område til akvakultur så lenge dei tilfredsstillar nasjonale krav til slike fortøyningar.

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2,40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. Ein viser til grunngjeving i drøftinga ovanfor.

Atle Tornes  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*